



Trubadurane Kristian og Reidar hadde suksess med allsongstunda. Kanskje også den yngre generasjon bokstaveleg tale vert med på notane neste gong ?

**Den nye Uskedalssongen som Uskedalspatriot
Dag Hermansen har vore meister for
vart innøvd av ein songarskare på 60 på Systrene Nilsen
i ettermiddag.**

**Tona skriv seg frå Isle of Skye vest for Skottland og
er ikkje av dei lettaste og mest fengjande, men den nye songen fekk
likevel ein god start sjølv om vi kanskje saknar eit sluttvers med fynd
og klem.**

Det møtte dobbelt så mange som sist til songstunda ved sjøkanten
sjølv om OL-starten var eit konkurrerande arrangement.
Det ber bod om at dette er ein programpost som har livets rett og som
ikkje berre bør køyrast eitpar gongar i året.

Songane var stort sett dei gamle, gode og norske
men det er interessant og prisverdig
at trubadurene Kristian Bringedal og Reidar Myklebust har fått med ein
rørende og vakker irsk song. Lat det berre bli fleire, for songskatten frå den
grøne øya er utruleg fin.

Men kvifor ikkje også syngja til dømes nokre
svenske songar på originalspråket? Vi tenkjer til dømes

på Barndomshemmet og Gamla Nordsjøen, to av Harry Brandelius
store platesuksessar som liksom ikkje høyrer heime på vårt språk

Av Ola Matti Mathisen